
RAPPORT NR. 70 | Anne - Sofie Egset, Kjersti Straume og Marte Fanneløb Giskeødegård

INN PÅ TUNET

Innovative dagaktivitetstilbud til personar med demens?

TITTEL	Inn på tunet
FORFATTARAR	Anne - Sofie Egset, Kjersti Straume og Marte Fanneløb Giskeødegård
PROSJEKTLEIAR	Marte Fanneløb Giskeødegård
RAPPORT NR.	70
SIDER	46
PROSJEKTNUMMER	17189
PROSJEKTITTEL	Inn på tunet – Innovative dagaktivitetstilbod for personar med demens
OPPDRAKSGIVAR	Regionalt Forskingsfond Midt
ANSVARLEG UTGIVAR	Møreforskning
ISBN	978-82-7692-348-3
DISTRIBUSJON	Open
NØKKEWORD	Inn på tunet; demensomsorg; dagaktivitetstilbod; kommunal organisering; pårørandeomsorg; innovasjon i kommunal sektor

SAMANDRAG

I dette forprosjektet har vi studert eit dagaktivitetstilbod for personar med demens på Maurtuva Vekstgård i Inderøy kommune. Målet med prosjektet har vore todelt. På den eine sida ønska vi å finne meir ut av kva tilpassa og meningsfylte aktivitetstilbod til personar med demens kan bety for den enkelte brukar og deira pårørande, og på den andre sida finne fram til suksessfaktorar for etablering og drift i regi av Inn på tunet.

Dei viktigaste suksessfaktorane for tilbodet er knytt til at tilbodet er utvikla i nær dialog mellom kommune og tilbydarane der det har vore klare krav frå begge partar. Ei felles forståing av kjernen i tilbodet har vore viktig. Her er fagkompetanse hos aktørane og eit sterkt og bevisst fokus på personsentrert omsorg heilt sentralt for utviklinga av tillit og gode relasjonar. Vi understrekar også betydinga av tilbydar si vektlegging av marknadsføring og synleggjering på

sentrale arenaer som gjer det lettare å bli prioritert i budsjett, samt eit sterkt fokus på samarbeid (ikkje berre med demensomsorga i kommunen, men også med pårørande og demensforeining).

Dei største flaskehalsane for etablering av tilbodet er knytt til kommuneøkonomi og rekruttering av brukarar. Rapporten nemner årsaker til utfordringar med rekruttering, men identifiser samstundes at dette er eit tema framtidige forskingsprosjekt bør ta vidare tak i. Dette gjeld både frå ein demensfagleg ståstad (kvifor det er så vanskeleg å ta imot slike tilbod?), og frå kommunen si side (kva legg kommunen i at dei ikkje har råd?).

© FORFATTAR/MØREFORSKING VOLDA

Føresegnene i åndsverklova gjeld for materialet i denne publikasjonen. Materialet er publisert for at du skal kunne lese det på skjermen eller framstille eksemplar til privat bruk. Utan særskild avtale med forfattar/Møreforsking Volda er all anna eksemplarframstilling og tilgjengeleggjering berre tillate så langt det har heimel i lov eller avtale med Kopinor, interesseorgan for rettshavarar til åndsverk.

FORORD

Dette er ein sluttrapport for prosjektet «Inn på tunet – Innovative dagaktivitetstilbod for personar med demens?». Prosjektet har vore finansiert av Regionalt Forskingsfond Midt. Prosjektet er eit samarbeid mellom Møreforsking, Høgskulen i Volda og Inderøy kommune.

Prosjektgruppa har bestått av prosjektleiar og seniorforskar Marte Giskeødegård (Møreforsking), prosjektmedarbeidar og forskar Kjersti Straume (Møreforsking), og prosjektmedarbeidar og førstelektor Anne-Sofie Egset (Høgskulen i Volda). Datainnsamling har vore utført av dei to sistnemnde. I tillegg har einingsleiar Per Arne Olsen (Inderøy kommune), og prosjektleiar/MSc sjukepleiar Elin Aarø Strandli (Nasjonal kompetansetjeneste for aldring og helse), vore med i referansegruppa. Prosjektet hadde også kontakt med Midtre Gauldal kommune i startfasen.

Vi vil takke alle samarbeidspartnarane, og ikkje minst dei som har bidratt til materialet som ligg til grunn for prosjektet gjennom deltaking i intervju, koordinering og diskusjonar.

Volda 01.10.15.

Marte F. Giskeødegård

INNHALD

forord	5
Innhald	7
Innleiing.....	9
Kunnskapsstatus og forskingsbehov	12
Bakgrunn for prosjektet	17
Metodisk tilnærming.....	19
Inn på tunet på Inderøy.....	21
«ein typisk dag» på TrivselsTreffet.....	23
Aktørane sine erfaringar	24
Brukar-/pårørandeperspektivet	24
Tilbydar sine erfaringar.....	29
Kommunen sine erfaringar.....	32
Diskusjon	36
Organisering og finansiering.....	36
Spesiell tilrettelegging og sterkt fokus på kompetanse og samhandling	39
Konklusjon.....	41
Referansar	43

INNLEIING

I dette forprosjektet søker vi å få kunnskap om Inn på tunet (IPT) som eit alternativt dagaktivitetstilbod for personar med demens. Målet med prosjektet har vore todelt. På den eine sida ønska vi å finne meir ut av kva tilpassa og meningsfylte aktivitetstilbod til personar med demens kan bety for den enkelte brukar og deira pårørande, og på den andre sida å finne fram til suksessfaktorar for etablering og drift i regi av Inn på tunet. I prosjekt er også identifisering av relevante spørsmål for vidare forskning ut frå funna ein viktig del av arbeidet.

Velferdsstaten står overfor viktige utfordringar i åra som kjem; fleire hjelpetrengande og auka fokus på brukarrettar skaper kostnads- og kapasitetsutfordringar, samstundes som det vert etterlyst individuelt tilpassa tilbod (Meld. St.nr.29 2012-2013). Det er særleg relevant for eldreomsorga då talet på eldre vil auke kraftig dei komande åra og føre til ein stor auke av demensramma (Demensplan 2015). Det er behov for å legge til rette for at fleire eldre kan bu heime så lenge som muleg, og dei siste åra har det blitt ei aukande interesse for dagaktivitetstilbod i kommunane. Mange kommunar har ønske om å utvikle meir kunnskap om dagaktivitetstilbod for heimebuande personar med demens. Slike tilbod har to viktige siktemål. Dei skal legge til rette for meningsfulle dagar for dei som vert ramma og gi pusterom for pårørande. «Det manglande mellomrommet» som dagtilbod ofte blir kalla, har blitt ei viktig nasjonal satsing (jf. Demensplan 2015:7). For at dette skal kunne gjennomførast, må tilpassa og fleksible dagaktivitetstilbod på plass.

IPT kan vere ein del av ei slik løysing. IPT er tilrettelagde og kvalitetssikra velferdstenester på gard som skal gi meistring, utvikling og trivsel. Det er etablert ei rekke slike tilbod knytt til ulike tenester innan oppvekst, helse/omsorg, rehabilitering/habilitering, arbeidstrening, kriminalomsorg og integrering. Det særigne med aktive IPT-gardar er eit mangfald av både aktivitetar og deltakarar, der garden sine ressursar blir tekne i bruk. Erfaringar tyder på at aktivitetar på ein gard og nær kontakt med dyr og natur bidrar til auka livskvalitet hos brukarane. Velfungerande dagaktivitetstilbod til heimebuande personar med demens kan bidra til meningsfulle dagar samstundes som det kan bidra til å avlaste pårørande slik at dei kan takle

utfordringane dei står i. Erfaringar med slike tilbod kan tyde på at institusjonsplassering kan bli utsett (Strandli 2007; De Bruin 2009).

«Grøne» tenester som dette har ei lang historie med tilbod etablert allereie på 80-talet, men som eit ledd i arbeidet med kvalitetssikring av slike tenester vart sjølv merkevara IPT introdusert som omgrep og logo først i 2001 (Berget og Braastad 2008). Saman med merkevaren følgjer ei ordning for godkjenning av tilbydarar. Sentrale styresmakter definerer IPT som innovasjon i velferdstenester og det er eit uttalt mål at IPT tenester skal nyttast i aukande grad (Kogstad et.al 2012, Andreassen & Grimsæth, 2007; Meld.st.nr. 34 (2012-2013); NOU 2011:11). Illustrerande for denne satsinga er IPT-løftet, som vart vedteke i jordbruksforhandlingane i 2009. Dette var ei satsing i regi av Landbruks- og matdepartementet (LMD) og Kommunal- og moderniseringsdepartementet (KMD) på til saman 18 millionar kroner i perioden 2010 – 2012. Hovudmåla med løftet var at «Inn på tunet skal være ein naturleg del av eit variert og kvalitetssikra tenestetilbod i kommunane, og bidra til auka næringsutvikling i landbruket». I alt 53 kommunale IPT prosjekt fekk stønad gjennom ordninga.

Det blir hevda at rommet for å vere innovativ og drive entreprenørskap i kommunane er blitt avgrensa som følge av at kommunane i aukande grad skal setje i verk lovpålagde og regulerte tiltak (Teigen et.al. 2010). Gjennom Inn på tunet kan det likevel skapast mulegheiter for kommunen til å gi eit brukarorientert og fleksibelt tilbod. Til dømes er det å tenkje samarbeid med nye aktørar med på å utvikle i IPT-konseptet.

Tilbodet vi har studert finn stad i Inderøy kommune, der kommunen har hatt eit dagaktivitetstilbod for personar med demens på Maurtuva Vekstgård sidan 2012. Inntil åtte personar med demens får eit tilrettelagt dagaktivitetstilbod ein gong kvar 14.dag (i prosjektperioden auka til tre gongar i månaden). I utgangspunktet er dette lite i omfang, men det må sjåast i samanheng med Go`kroken, som er eit kommunalt dagaktivitetstilbod på Inderøyheimen, ope ein dag i veka. I tillegg til TrivselsTreffet(TT) som dei kallar dagtilbodet på Maurtuva Vekstgård, så har Maurtuva også eit overnattingstilbod ein gong pr. måned. Dette kallar dei PensjonistPensjonat (PP).

Maurtuva Vekstgård starta prosessen om å bli sertifisert som IPT-gard hausten 2013. Godkjenninga frå Matmerk kom på plass 01.10.2015.

Det er interessant å få innsikt i tilbudet på Inderøy, fordi ein i tillegg til å sjå på IPT-dagaktivitetstilbodet, også kan studere korleis IPT kan fungere som løysing i kombinasjon med andre tilbod. Eit dagaktivitetstilbod vil både vere ein sosial møteplass og ein stad der ein gjennom tilrettelagde aktivitetar blir stimulert, både kognitivt og fysisk. For pårørande kan eit dagaktivitetstilbod der brukaren trivast, ikkje berre vere ei kjærkomen avlastning, men også eit tilbod der dei som er ramma får bruke ressursane sine og oppleve meistring. Dette kjem vi tilbake til.

I prosjektet retta vi søkelyset på kva som var viktige suksess-kriterium og eventuelle flaskehalsar når ein skal etablere og drive dagaktivitetstilbod i tilknytning til gardsdrift. Gjennom kvalitative intervju og besøk på dagaktivitetstilbodet har vi samla inn data som representerer tre ulike perspektiv; *brukarar/pårørande, tilbydarar og tilsette/politikarar* i kommunen. Ved å få innblikk i desse ulike perspektiva ønskjer vi å få fram kunnskap om etablering av dagaktivitetstilbod for personar med demens og om praktisk tilrettelegging og individuell nytte når det gjeld trivsel, meistring og meningsfulle kvardagar for denne gruppa.

I rapporten vil vi dele erfaringane vi har gjort i prosjektet. Vi presenterer eit IPT-dagaktivitetstilbod med knoppskyting til overnatting, ser på innhaldet i dagaktivitetstilbodet og diskuterer utfordringar og flaskehalsar med omsyn til m.a. *organisering, finansiering, spesiell tilrettelegging, kompetanse og samhandling*. Kva tankar har kommune og tilbydar? Og kva erfaringar har pårørande og brukarar etter å ha prøvd ut dette tilbudet? Vi vil søke å gi nokre innspel til kva som kan føre til etablering av gode dagaktivitetstilbod som gir meistring og meningsfulle kvardagar for personar med demens og deira pårørande.

KUNNSKAPSSTATUS OG FORSKINGSBEHOV

Demenssjukdom kan ha dramatiske konsekvensar både for dei som er ramma og for dei nære pårørande (Egset 2007). Felles for demenssjukdom er tap av minne. Kor raskt minnesvikten skjer, vil variere frå person til person. Ofte kan sjukdomen debutere med andre symptom t.d. sviaktande merksemd, orienteringssvikt eller tilbaketrekking. Det kan også starte med at personen får vanskar med å uttrykke seg verbalt. Variasjonane er store, og vi ser også døme på at språket kan vere intakt langt ut i sjukdomsprosessen. Svekking av kognitive funksjonar og nedsett emosjonell kontroll gjer personane sårbare. Mange ulike forhold kan påverke åtferda til personar med demens. Kven ein er som person, kva type demenssjukdom det er og kor langt sjukdomsprosessen har kome, vil ha innverknad på korleis ein reagerer i bestemte situasjonar. Kitwood (2003) har i si forskning sett at når personar med demens blir omslutta av nære, gode relasjonar og møtt med kjærleik (jf. god omsorg), så vil det føre til auka trivselsnivå. Dette kallar Kitwood remens og er gjerne det vi i dag omtalar som god livskvalitet. Pårørande sin livssituasjon blir i stor grad prega av korleis dei demensramma sin kvardag er, samstundes som dei demensramma er priggitt korleis nærpersonane har det. Det er godt dokumentert at slitasjen på dei pårørande er stor både fysisk og psykisk (Gottlieb og Wolfe 2002; Aguglia m.fl. 2004; Egset 2005). Mange forskarar har peika på at avlastning er svært viktig. Dette er også sterkt understreka i *Høringsutkast til Demensplan 2020*.

Aktivitet er eit sentralt verkemiddel for å stimulere sansane og gje meiningsfulle kvardagar til dei som er ramma. Målretta bruk av miljøet i form av miljøterapi blir nytta i aukande grad i demensomsorga. Skårderud og Sommerfeldt (2013) skriv at miljøterapi er relasjonsbehandling. Dei viser til førti års erfaring med å legge til rette det fysiske, psykiske og sosiale miljøet med tanke på læring og meistring. Utgangspunktet er individet eller gruppa sin situasjon eller behov.

I Demensplan 2015 er dagaktivitetstilbod eit av dei mest sentrale og grunnleggande elementa i eit heilskapleg tenestetilbod for personar med demens. Utbygging av dagaktivitetstilbod har vore ei stor og viktig satsing og har hatt ei jamn auke fram til siste kartlegging frå 2014. Berre 8 - 9 prosent av tilboda er Inn på tunet tilbod. Dei fleste dagaktivitetstilboda er knytt opp mot sjukeheimar og omsorgsbustadar. Men ein har også dagtilbod som er registrert i frittliggande lokale i tillegg til nokre få som har tilbod i eigen heim (Gjøra m.fl.2014:26). Frå 2012 vart det

etablert ei tilskotsordning der kommunane kunne søke om å få dekkja inntil 30% av utgiftene til dagaktivitetstilbod for personar med demens. Det vart løyvd midlar til etablering av 5000 nye plassar i perioden 2012-2014, medan berre 2100 vart etablerte. For 2015 er det lagt til rette for ytterlegare 1070 plassar. Dette er tal som kjem fram i *Nasjonale kartlegging av tilbudet til personar med demens 2014* (ibid). Resultatet frå denne kartlegginga viser ein stor auke av tilbod dei siste fire åra. Det kjem også fram at 71% av kommunane no har etablert dagaktivitetstilbod, mot 44% i 2010/2011. I 2014 hadde 17% av heimebuande personar med demens eit dagtilbod mot vel 9% i 2010. Men framleis er det for mange som manglar eit aktivitetstilbod. I *Høyringsutkast til Demensplan 2020* blir det også presisert at tilboda ofte framstår som lite fleksible og at dei berre i varierende grad er tilpassa og tilrettelagt for personar med demens. Dette er urovekkjande.

Målet med den nasjonale satsinga er ikkje berre å auke talet på plassar. Kvaliteten på tilboda blir vektlagt. I Omsorgsmeldinga (Meld. St. 29 2012-2013) blir innhaldet i tilbodet knytt opp mot meningsfulle kvardagar og aktiv omsorg. Kultur, måltid, aktivitet og trivsel er grunnleggjande element i satsinga på *Aktiv omsorg*. Det blir peika på behovet for å utvikle nye aktivitetstilbod gjennom tettare samspel med aktørar som kan introdusere nye arenaer og nye arbeidsformer for aktivitet og sosiale og kulturelle opplevingar. Inn på tunet blir spesielt nemnt. I meldinga kjem det fram at regjeringa har som mål å lovfeste kommunane si plikt til å tilby dagaktivitetstilbod til personar med demens. I perioden 2007 -2011 vart det gjennomført eit utviklingsprogram der ein trekkjer fram gode rollemodellar for etablering og drift av tilrettelagde dagaktivitetstilbod og avlastningstilbod (Taranrød 2011). Tenestene må utformast slik at tilbodet bygger på respekt og verdigheit. Faktorar som blir trekte fram er *kompetanse* i innhaldet, at det bygger på *tryggleik og sikkerheit* og at brukarar og pårørande blir *involvert* og har *medbestemmelse*. Vidare blir det trekt fram at behovet til brukarane skal bli dekkja og vere samordna med resten av helsetenesta. I tillegg må kriterium for inn- og utskriving vere på plass (Sosial- og helsedirektoratet 2005).

Utvikling av eit dagtilbod der ein tek i bruk miljøressursar, alternativ kompetanse og tverrfagleg organisering er ein ny måte å tenkje tenesteutvikling på. Dette stiller krav til kommunane når det gjeld kommunikasjon mellom ulike fagområde (helse- og omsorg, lege, folkehelse, plan og forvaltning). Den kommunale organisasjonen kan ofte verke både hierarkisk og vertikal der flyt av informasjon og kunnskap mellom fagområde ikkje alltid er like enkel. Utfordringa er difor

både å samle fagspesifikk kunnskap om faktorar som hemmar og fremjar, og kunnskap om organisatoriske faktorar som påverkar bruk av Inn på tunet til personar med demens.

Landbruket har spesielle mulegheiter knytt til aktivitet på eit gardsbruk, t.d. å utnytte den terapeutiske verdien av kontakt med dyr og natur på aktive gardsbruk. Brukarar med bakgrunn i landbruksmiljøet, vil kunne ha assosiasjonar til miljøet som kan vere med på å stimulere kognitiv funksjon. Når ein skal etablere dagaktivitetstilbod knytt opp mot gardsdrift må ein sjølvst setje krav for sikkerheit. For IPT ønskjer ein å sikre dette gjennom ei godkjenningsordning for tilbydarar. Godkjenningsordninga er administrert av Matmerk. For å få godkjenning må tilbydar som eit minimum oppfylle kvalitetsstandard i landbruket (KSL) 1, 2 og 11. Standardane konsentrerer seg i all hovudsak om at gardane oppfyller HMS krav (sjå matmerk.no for meir informasjon).¹

Sjølv om det har vore utført forskning innan IPT i form av doktorgradsarbeid og masteroppgåver dei seinare åra, er det manglar knytt til forskning på effektar av ulike tiltak for ulike brukargrupper, strukturelle, samfunnsmessige og helseøkonomisk verknad av IPT (Berget 2013). Berget peikar på at forskingsbehov på dette området difor særleg er knytt til ein større kunnskapsbase både om dei helsefremjande og rehabiliterande samanhengane mellom natur og menneske si helse. Ein tverrsnittstudie frå Nederland (Green Care Facilities, GCFs dagsenter) viste at personar med demens i Inn på tunet tilbod var meir fysisk aktive, deltok i fleire aktivitetar og var meir utandørs enn sine medpasientar som deltok i tradisjonelle dagtilbod (De Bruin 2009). I prosjektet Landbruket som ressurs for personer med demens tyder resultatata for enkelte av brukarane på at kognitiv funksjon vart oppretthalde og faktisk betra i prosjektperioden (Strandli 2007).

Dei positive signala om brukarane si oppleving av å delta i slike tilbod som IPT, samt signala frå sentrale styresmakter om satsing på slike dagtilbod, skulle tilseie eit stadig aukande omfang av IPT tilbod. Likevel viser ei kartlegging av omfang og suksessfaktorar for implementering av IPT i kommunane i tre vestlandsfylke at sjølv om mange kommunar har, eller har hatt, erfaring med å bruke IPT så er bruken av ordninga målt i tal brukarar og tal leverandørar relativt beskjeden (Båtevik, Dvergsdal og Aarset 2012). Bruken av ordninga er heller ikkje stabil over tid.

¹ Det er i alt 350 bruk som har godkjenning frå Matmerk, medan 198 er under godkjenning (Knutsen og Milford 2015).

Kommunane nemner ulike årsaker til dette, mellom anna opplever dei mangel på kunnskap og dokumentasjon på effektane av å etablere dagtilbod i regi av IPT (ibid). For tilbydarane er den største utfordringa knytt til det å gjere drifta føreseieleg. Særleg gjeld dette uvisse knytt til framtidig kontrakt og kjøpar sitt framtidige behov (Knudsen og Milford 2015). Dette funnet vert underbygd av Lund et al (2015), der tilbydarane uttrykker frustrasjon over komplisert samarbeid med kjøpar og lite føreseieleg drift. Andre studiar har også vist at kjøper har vanskar med å tilby lange kontraktar (sjå til dømes Båtevik et al. 2012, Stokke og Rye 2007). Knudsen og Milford (2015) peikar på kommunen sitt ansvar knytt til kjøp av Inn på tunet tenester. Studiar av tilbydarane sine utfordringar blir i liten grad sett i samanheng med studiar av kjøpar sine behov, noko som gjer at vi ikkje får kunnskap om kvifor slik uvisse oppstår.

Relasjonen mellom kjøpar og tilbydar er difor eit sentralt tema i vurderinga av flaskehalsar og suksesskriterium for utvikling av IPT tilbod for personar med demens. Denne relasjonen, og forskning om kjøparen si rolle i utvikling og bruk av IPT tenester, er eit tema det er behov for meir forskning om (Berget 2013, Kogstad, Hopfenback og Hummelvoll 2011, Farstad og Vik 2009). I følgje Gjerstad (2010) manglar dei involverte aktørane i denne relasjonen ei felles forståing av kva IPT er og kan vere. Når partane som skal samarbeide ikkje har same forståing av kva IPT tenester er og kan vere eller har klare definisjonar på kva type kompetanse gardbrukar skal ha, så vert diskusjonar om innhald, føremål og økonomi ofte vanskeleg.² Det gjer bestillarkompetanse - kunnskap om, og evne til, å styre tenesteproduksjonsrelasjonen og å kople det tekniske rundt innkjøpsprosessen med utvikling av tenestene – til eit kritisk punkt for kommunane (Stene 2013:1).

Andre studiar viser at det vitskaplege grunnlaget for tiltak innanfor demensvenleg design er svakt (Bergland og Kirkevold 2011). Difor er det nødvendig med fleire studiar som rettar søkelyset mot korleis miljøet kan bidra til trivsel og velvære for personar med demens. Samstundes må ein sjå desse spørsmåla i lys av forventingar og krav frå involverte partar. Vårt forprosjekt ønskjer å bidra til å kaste lys over desse problemstillingane. Dette gjer vi gjennom å

² I ei undersøking blant tilbydarar som er godkjende eller er under godkjenning av Matmerk, svarar så mange som 80 prosent av respondentane at dei sjølv eller ektefelle har ein fagleg tilleggskompetanse som er direkte relevant for den type IPT –verksemd dei driv. Undersøkinga hadde ein svarprosent på 39 prosent blant relevante tilbydarar (Knudsen og Milford 2015).

sjå på erfaringane til involverte aktørane i eit slikt tilbod og kva dei identifiserer som flaskehalsar og suksesskriterium.

BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Som nemnt har prosjektet to viktige mål, det eine er knytt til sjølve tilbodet, og det andre er knytt til å identifisere suksesskriterium og flaskehalsar for drift av slike tilbod, også frå kommunen sitt perspektiv. Kommunane sjølve har behov for å få meir kunnskap om IPT som alternativt tilbod. I lys av dette kan det vere verdt å trekke fram nokre av dei erfaringane som gjorde at Midtre Gauldal kommune ikkje kom i gang med Inn på tunet tilbod trass i gode intensjonar og omfattande arbeid for å starte opp eit slikt tilbod. Dette er eit godt døme på at det ikkje berre er enkelt å starte opp eit slikt dagaktivitetstilbod trass i positive signal frå sentrale styresmakter, engasjement internt i ein kommune og omfattande forarbeid. Midtre Gauldal sitt arbeid med IPT var forankra både i landbruk og i helse- og omsorgsetaten i kommunen. I sistnemnde etat var også satsinga forankra i Pleie og omsorgsplanen for Midtre Gauldal kommune. Midtre Gauldal var vidare eit av dei 53 prosjekta som fekk tilslag i det tidlegare nemnde IPT-løftet som ga midlar via Innovasjon Norge, og som skulle bidra i arbeidet med å starte eit dagaktivitetstilbod for personar med demens.³

Krava til søknaden om stønad gjennom IPT-løftet bidrog til at kommunen gjorde eit omfattande arbeid med å knyte til seg relevante faglege kontaktar og utarbeide opplegget. Kommunen laga ei skisse for eit pilotprosjekt med krav til potensiell tilbydar, dei laga projektskisse og prosjektplan over tre år. I tillegg til prosjektleiar, hadde kommunen oppnemnd ei prosjektgruppe, ei styringsgruppe og ei referansegruppe for prosjektet som inkluderte ulike etatar. Helsefagleg kompetanse var tungt representert. Rådmann var formelt ansvarleg for prosjektet. Dei ønskte følgjeforsking av starten av eit slikt tilbod, og utarbeidde difor ei projektskisse til RFF saman med Møreforsking og Høgskulen i Volda.

Innan tilslag om forskingsprosjektet var på plass hadde det skjedd store endringar i kommunen som gjorde at prosjektet stoppa opp. Forsøk på å få det i gang igjen førte ikkje fram, og dei måtte trekke seg frå prosjektet. Kommunen rapporterte at det var særleg tre vanskelige element knytt til start av Inn på tunet prosjektet. Det første var at midlane frå IPT-løftet bidrog å finansiere prosjektaktiviteten, men ikkje sjølve etableringa av tilbodet. Kommunen fann det

³ Midtre Guldal var på langt nær den einaste av desse prosjekta som ikkje fekk til å starte tilbodet

vanskeleg å etablere nødvendig intern tilleggsfinansiering trass i at satsinga var forankra i kommunale planar. Det andre elementet var at *transport* av deltakarane til eit slikt tilbod vart svært utfordrande å finne ei god løysing på fordi det var store geografiske avstandar i kommunen. *Det tredje elementet var kontinuitet for tilbydar*, ettersom tilbydar fann det vanskeleg å satse på eit pilotprosjekt som kommunen ikkje kunne love vidare finansiering av. Tilbydar trekte seg difor ut av prosjektet.

Erfaringane frå Midtre Gauldal viser at det er nødvendig å få betre innsikt i dei prosessane som føregår i kommunane. Uføresette tilhøve for tilbydar vert trekte fram som ein viktig grunn for at tilbydarar fann det vanskelig å satse (jf. Lund et al 2015). Når det går lang tid frå førespurnad til start kan det også føre til at det blir komplisert for tilbydar å forplikte seg. Dei tilsette skildra ein situasjon med omstillingar og reorganiseringar og ein pressa kommuneøkonomi. Sjølv med draghjelp frå Innovasjon Norge klarte dei ikkje å fullføre prosjektet.

I det noverande prosjektet er det erfaringane med tilbodet i Inderøy som ligg til grunn for diskusjonen. Sjølve prosessen med å finne ein ny kommune var lærerik. Det viste seg at verken Matmerk sine nettsider eller Fylkesmannen hadde ei påliteleg og oppdatert oversikt over aktuelle tilbod. I prosessen kom vi i kontakt med mange tilbod som hadde blitt lagt ned etter prosjektperioden var slutt trass i at tilbydar kommuniserte at tilbakemeldingane var udelt positive. I følgje tilbydarane var årsaka til dette dei stramme økonomiske rammene i kommunane.

METODISK TILNÆRMING

Vi har fulgt eit dagaktivitetstilbod på Maurtuva Vekstgård som er drive av private tilbydarar i Inderøy kommune. Då vi kom i kontakt med Inderøy kommune, hadde tilbodet vore i drift i om lag to år.

Den opphavelige planen var å følgje eit Inn på tunet tilbod gjennom planleggingsfase og start. Planane endra seg då Midtre Gauldal ikkje kunne realisere prosjektet, og i prosessen med å få avtale med ein ny kommune vart det klart at prosjektet burde fokusere på eit tilbod som alt var i gong. Etter litt sondering fekk vi kontakt med Inderøy kommune og tilbyderane på Maurtuva Vekstgård. Dei signaliserte interesse for å vere med i prosjektet og avtale vart gjort. Vi har hatt to besøk i kommunen, eit i oktober 2014 og eit i juni 2015. På desse besøka deltok to forskarar med komplementær kompetanse på kommune/organisasjon og demens. Begge forskarane deltok i datainnsamling hos tilbydar og kommunen.

På besøket i kommunen i oktober 2014 starta vi med gruppeintervju med leiar for helse- og sosialeininga saman med demenskoordinator og tenesteleiar for heimetenestene i kommunen på kommunehuset. I tillegg var vi også med og observerte tilbodet på Maurtuva Vekstgård der vi også intervjuar tilbydar (dagleg leiar og fagansvarleg). Så hadde vi uformelle samtalar med frivillige hjelparar. I etterkant av feltarbeidet gjennomførte vi telefonintervju med leiar i demensforeninga. Intervjua tok vi opp på band i tillegg til at vi gjorde notat undervegs.

Under feltarbeidet i juni 2015 hadde vi til saman 12 intervju i tillegg til observasjonar på dagaktivitetstilbodet. Vi intervjuar pårørande til alle brukarane på Maurtuva TrivselsTreff. Fire av samtalanane hadde vi på kommunehuset og to hadde vi på Maurtuva. Alle hadde blitt spurt om dei ville vere informantar og hadde fått informasjon om prosjektet. Der kom det fram kva som var bakgrunn for prosjektet, kva vi skulle snakke om, kva som skulle skje med informasjonen vi fekk og at det var frivillig å ta del (jf. Thagaard 2013:26). Samtykkebrev og intervjuguide var sendt ut på førehand. Vi tok opp intervjua på band der vi fekk samtykke til det, og arbeidde vidare med informasjonen i etterkant saman med dei skriftlege notata våre. Vi opplevde at dei pårørande hadde budd seg til intervjua. Sjølv om det ikkje berre var lett å snakke om desse spørsmåla og

mange var kjenslemessig involverte, så ville dei gjerne dele erfaringane sine og alle var opptekne av kor utruleg viktig det er å ha gode dagaktivitetstilbod.

På førehand hadde vi fleire diskusjonar om korleis og kvar vi skulle gjennomføre samtalanene med brukarane. Dei hadde blitt informert om at to forskarar frå Volda ville snakke om dagaktivitetstilbodet på Maurtuva. Personar med demens er sårbare og mange har store problem med korttidsminne. Vi kom difor fram til at ein kombinasjon av observasjon og dialog medan dei var på TrivselsTreffet ville vere den beste ramma for samtalanene. Då kunne dei snakke om det som dei opplevde der og då. Dersom vi skulle intervju dei i ein annan kontekst kunne vi risikere å stille spørsmål som dei ikkje kunne svare på. Dette kunne setje dei i ein vanskeleg situasjon. Korttidsminnet er eit av kjerneproblema for demensramma. Det at vi kom inn i ein samanheng der brukarane kjende seg trygge, var også eit argument for at samtalanene vart gjort på Maurtuva. Under første samtale med brukarane var vi to forskarane og tre brukarar til stades. Tema var korleis dei opplevde denne dagen, kva dei likte å drive med, om det var noko dei sakna av aktivitetar, kva som var det beste med å vere der og om dei kunne tenkje seg å vere der oftare. Planane for intervju med brukarane vart lagt i samråd med dei tilsette og samtalanene kom etter at vi hadde vore i miljøet og sagt litt om kven vi var. Vi var spente på desse samtalanene. God tilrettelegging er viktig i kvalitative intervju. Deltakarane må kunne stole på at den tilliten som forskarane møter ikkje blir misbrukt (jf. Malterud 2011:202). Vi opplevde at brukarane fekk tillit til oss og at det var lett å få til ein dialog om tilbodet på TrivselsTreffet. Deltakande observasjon er spesielt eigna til å studere relasjonar mellom menneska, fordi forskaren kan fokusere på tilhøve mellom personar i sosiale situasjonar (Thagaard 2013: 69). Sjølv om deltakinga i denne samanhengen var av lite omfang, opplevde vi at observasjonane gav oss innblikk i organisering og aktivitetar og vi kunne skape oss eit inntrykk av samspel, samhandling og trivsel.

Vi hadde sendt inn meldeskjema for behandling av personopplysningar og viser til godkjenning frå NSD 20.03.2015. Vi intervjuja også dagleg leiar på Maurtuva og leiar for demensforeininga under andre feltarbeid på Inderøy. Vidare vart tre sentrale politikarar intervjuja om den politiske viljen til å satse på slike tilbod.

INN PÅ TUNET PÅ INDERØY

Maurtuva Vekstgård ligg vakkert til på ei høgde litt utanfor sentrum og dagaktivitetstilbodet held til i ei restaurert trønderlån. Dei to eigarane har eit aksjeselskap (AS) og leiger hus og fjøs frå ein bondegard. Dei har svært relevant bakgrunn for å starte eit slikt tilbod. Dagleg leiar er faglærer i helse, ernæring og miljøfag. I tillegg har ho utdanning innan marknadsføring, veiledning og motiverande intervju, og ho har vakse opp på ein slektsgard. Fagleg ansvarleg er utdanna sjukepleiar og agronom, og har erfaring frå eldre- og demensomsorg. Ho er også oppvakser på gard og har tilknytning til garden dei leiger for å drive Maurtuva. Eigarane har knytt til seg ein person til som er sjåfør, vaktmeisert og fjøsmeister og saman kallar dei seg «trekløveret».

Initiativtakarane til Maurtuva Vekstgård er gründerar og starta etableringa i 2009. Dei har fått støtte frå Innovasjon Norge til idéutvikling, etablering og investering (i tillegg til støtte til å utvikle FamilieFakultetet som er tiltak retta mot barnevernet). Det første dei gjorde var å restaurere ei gammal trønderlån som stod til forfall. Dagaktivitetstilbodet som vert kalla TrivselsTreffet(TT) og overnatting tilbodet kalla PensjonistPensjonatet(PP) held til i trønderlånen.

IPT-dagaktivitetstilbodet for personar med demens i Inderøy kommune starta med eit initiativ frå tilbydar på Maurtuva. Dei ønska å skape eit individuelt tilrettelagt tilbod på bakgrunn av deltakarane sine evner, interesser, kompetanse og dagsform. Målet er at brukarane skal kunne ta del i nyttige og meningsfulle arbeidsoppgåver kvar dag, t.d. matlaging, handarbeid, minnearbeid, musikk og dans, stell av dyr, turar i skog og mark, bærplukking og vedkløyving.

Tilbydar tok kontakt for å undersøke nærare om det var mogleg å drive eit IPT-dagaktivitetstilbod for denne gruppa i Inderøy kommune, og for å høyre om dette var ein type teneste kommunen kunne vere interessert i å kjøpe. Einingsleiar for Bistand og Omsorg i kommunen var kontaktpunktet mellom tilbydar og kommunen. Einingsleiar gjekk i dialog med kommunalsjefen, og etter ei administrativ avgjerd vart det avsett pengar på budsjettet til innkjøp av eit slikt tilbod. Aktivitet for personar med demens var på førehand nedfelt i kommunen sin handlingplan og administrasjonen hadde difor handlingsrom til å setje av midlar. Kommunen utforma deretter eit anbod der dei søkte etter dagaktivitetstilbod for personar med

demens. Som ein av tre innkomne tilbod vann Maurtuva anbodskonkuransen og vart tildelt oppdraget ved årsskiftet 2011-2012.

Innkjøp av tilbodet er finansiert delvis gjennom eige kommunalt driftsbudsjett (rammetilskot) og gjennom direkte støtte frå helsedirektoratet. Kommunen betalar ein fastpris til tilbydar uavhengig av tal plassar som er i bruk. Kommunen kjøper i dag 8 plassar på dagaktivitetstilbodet (TT) og 4 plassar på overnattingstilbodet (PP), men plassane er ikkje fylt opp trass i aktivt rekrutteringsarbeid (annonsering, infobrosjyre, samarbeid med heimetenestene, info på pårørandeskulen, og i tillegg anna marknadsføring (m.a. NRK)).

Inderøy kommune har også eit kommunalt dagaktivitetstilbod, Go`kroken, som har vore i drift sidan 2010. Dette dagtilbodet held til på sjukeheimen og gir tilbod til åtte brukarar ein dag i veka. Kommunen ser TrivselsTreffet og Go`kroken i samanheng og dei to dagtilboda har eit nært samarbeid. Dei same brukarane nyttar begge tilboda. Go`kroken og Trivselstreffet er finansiert på same måte og får same type støtte. Brukarane betalar ein eigenandel på 150-160kr pr. dag på begge tilboda. Go`kroken har 8 plassar og per no er det fullt (oktober 2014), men inga venteliste. Kommunen har ikkje fått nokon direkte tilbakemeldingar om at tilbodet på Go`kroken er for lite i omfang. Volum på dagaktivitetstilbod i kommunen er ikkje nedfelt i plan, det er berre teke med at det skal vere eit «godt aktivitetstilbod». Kommunen hadde ikkje planar om å auke tilboda.

Etter at Maurtuva TrivselsTreff hadde vore i drift i vel eitt år starta dei overnattingstilbod ein gong i månaden. Det er i praksis to dagar TrivselsTreff med ei overnatting i mellom. Det førte til at dei fekk auka talet på dagaktivitetstilbodet til tre gonger i månaden samstundes med at dei fekk erfaringar med overnattingstilbod på Maurtuva Vekstgård. Det var demensforeininga som lanserte ideen om overnattingstilbod. Bakgrunnen var å gi pårørande ei pustepause der brukarane fekk vere i eit miljø der dei var kjende og trygge. Tradisjonelt har overnattingstilbod vore på institusjon, gjerne i omgivelsar der brukarane ikkje er kjende. Tilbod om overnatting i tilknytning til dagtilbod og som er tilrettelagt med tanke på trivsel og sosialt samvær for brukarane, representerer nytenking. Det har vore prøvd før, i prosjektet *Gårdstreff med overnatting* gjennomførte *Aldring og helse* eit treårig prosjekt i Horten kommune delfinansiert av *Innovasjon Norge* (Strandli 2013). Erfaringane var gode, men etter prosjektperioden var over i 2010 vart tilbodet ikkje vidareført. I dag er Inderøy kommune den einaste i landet som har

overnatting i tilknytning til dagaktivitetstilbod. Overnattingstilbodet har no gått frå å vere prosjekt til fast tilbod i kommunen frå budsjettåret 2015.

«EIN TYPISK DAG» PÅ TRIVSELSTREFFET

På Maurtuva har dei i tillegg til to fast tilsette, ein tilsett frå NAV og tre frivillige hjelparar som kan trekkast inn etter behov. Maurtuva har eigen bil og sjåfør som hentar brukarane om morgonen og køyrer dei heim om ettermiddagen. Ein tilsett på varig tiltak gjennom NAV er både sjåfør, fjøsmester, vaktmester. Når brukaren kjem om morgonen blir dei møtt med ein god klem og velkomsthelsing: «Så triveleg å sjå deg!» fortel dagleg leiar. Ho ser på denne mottakinga som kjempeviktig og legg til at «du ser nesten tårene i auga av og til».

Dagen startar med frukost som kan vare over ein time, med mykje prat og latter. Å skape fellesskap vert sett på som svært viktig. Etter frukost startar aktivitetane, og desse varierer etter kva brukarane er interessert i. Aktuelle aktivitetar er å gå på tur, fjøsarbeid, arbeid med ved, bærplukking, veving og anna handarbeid og matlaging. Lesestunder, song og musikk er faste innslag.

Tilbydar er oppteken av individuell tilrettelegging og å finne fram til kva som er viktig og kva som er rett for den enkelte. Det avgjerande at brukarane opplever meistring. individuell tilrettelegging ser tilbydar som svært viktig, men det vert også peika på at dette er utfordrande dersom aldersspennet er stort i brukargruppa. Tilbydar legg stor vekt på minnearbeid og bruker minnebok aktivt i kommunikasjon med pårørande. I tillegg til ei minnebok til kvar einskild bruker dei også e-post der dei informerer pårørande om aktivitetar og viktige hendingar på TrivselsTreffet og PensjonistPensjonatet. Ei av målsetjingane på Maurtuva er å ha eit fleksibelt tilbod. Det betyr m.a. at dei pårørande kan gjere avtale om utvida dag dersom det skulle vere behov.

AKTØRANE SINE ERFARINGAR

Vi vil no presentere data som har kome fram gjennom intervju med dei ulike målgruppene. Den første gruppa er brukarar og pårørande. Her vil også leiaren i demensforeininga si stemme bli inkludert. Så vil vi dele erfaringane som tilbyderane har gjort seg gjennom planlegging og drift av TrivselsTreffet (TT) og PensjonistPensjonatet (PP). Så vil vi presentere aktørar frå kommunen sine tankar om IPT-tilbodet. Her vil både erfaringar frå tilsette og politikarane kome fram.

BRUKAR-/PÅRØRANDEPERSPEKTIVET

Korleis opplever brukarar og pårørande tilbodet på Maurtuva Vekstgård? Funna er basert på observasjon og samtale med brukarar på TrivselsTreffet. Tre av desse har hatt overnattingstilbod (PP) sidan det starta opp. Vi vil først skildre brukarane sine erfaringar, så våre observasjonar før vi deler dei pårørande sine erfaringar.

BRUKARANE

Der er til saman seks brukarar på Maurtuva TrivselsTreff, tre menn og tre kvinner i alderen 70-87 år. To av desse er nye og to har vore der heilt frå starten. Tre av brukarane er også på PensjonistPensjonatet. Under begge feltarbeida var vi deltakande observatørar på Maurtuva. Vi observerte brukarane under aktivitetar og måltid og vi snakka med dei individuelt og i gruppe. Nokre har lettare for å setje ord på kva dei tenkjer om tilbodet enn andre, difor var det nyttig å vere til stades og sjølv observere aktivitetar, samhandling og relasjonar i løpet av dagen på TrivselsTreffet.

Stemninga er god. Fem brukarar sit ute i fjøsveggen med kaffe i koppen og sola varmar i ansiktet. Ein frivillig medhjelpar er med i tillegg til oss to. Den nyaste i gruppa seier at dette er ein plass å finne nye vener. «Det er så koseleg her», seier ei anna kvinne og legg til: «dersom det ikkje hadde vore så bra, hadde eg heller ikkje kome». Så syng ho mange vers av ei vise ho har lært som ung. Atmosfæren er roleg, avslappa og inkluderande. Fagleg leiar kjem frå fjøset og slepper hestane ut på beite. Vi kjem inn på temaet mat og ein av brukarane seier at maten på Maurtuva kunne ikkje vore betre.

- i. Samtale med tre brukarar som overnatta på PensjonistPensjonatet, ei kvinne og to menn:*

Kvinna gjer seg til talsperson for dei tre og seier: «Her har vi det alle tiders. Vi er her som kompisar og vener. Trivsel betyr mykje. Vi er i same fase i livet vi tre» Dei andre nikkar anerkjennande. Ein av mennene seier at han likar godt å vere ute og gå tur, og vidare at han trivst med dyra. Den andre fortel at dei driv med vedhogst, ein aktivitet begge dei to mennene trivst med. Stemninga er god, ho som fører ordet fortel historier, og det er glede og latter som pregar samtalen. Men praten kjem også inn på alvorlege ting som kan ramme i livet og at det er viktig å vere open om det som skjer. At livet må gå vidare. Vi spør kva det er som gjer at dei likar seg så godt på TrivselsTreffet. Då ser kvinna seg rundt og kommenterer stova; duken, bileta på vegg, det fine taket i stova. Det å vere i eit gammalt gardshus med den atmosfæren det fører med seg får henne til å utbryte: «Kan ikkje samanlikne dette med institusjon – det er *her* vi trivst best!» Det kjem også fram (det er kvinna som fører ordet) kor tilfredse dei er med transporten til og frå dagtilbodet. «Han som hentar er så likandes... så alminneleg!»

PÅRØRANDE SINE ERFARINGAR

Vi intervjuar ein pårørande til kvar av brukarane på Maurtuva. Alle dei seks informantane var kvinner, men dei hadde ulike roller. Tre var ektemakar til menn som dei hadde hovudomsorg for. To var døtrer, den eine budde i same hus som mora medan den andre mora budde i omsorgsbustad. Den siste informanten var søster.

Sjølv om livssituasjonane til informantane var svært ulike, så var forteljningane ganske samstemte. Alle pårørande fortel om eit dagaktivitetstilbod som betyr svært mykje både for brukarane og dei sjølve. Det kjem fram at tilbodet er av heilt spesiell karakter. Når vi skal utdjupe kva som gjer dette tilbodet til ein suksess, er det fire moment som blir trekt fram: Dei tilsette si rolle, aktivitetar som er individuelt lagt til rette, maten og måltid og til sist huset og graden som er ramma rundt dette dagaktivitetstilbodet.

- i. Dei tilsette på Maurtuva kjenner kvar einskild brukar og har lagt til rette for eit svært godt samarbeid med brukarar og pårørande. Utsegner som kjem fram:*

«Veldig, veldig reale dei tre som jobbar der oppe. Dei ser personane dei arbeider med og tek dei for det dei er... kjenner godt brukarane» seier ei av konene. «Dei ser kvar einskild» seier ei anna.

«Mor er veldig begeistra for dei som jobbar der» seier ei datter. Og denne oppfatninga er samstemt. Alle dei seks pårørande framhevar den gode relasjonen mellom dei som jobbar på *Maurtuva* og brukarane.

Det blir framheva at det er svært god dialog mellom heimane og TrivselsTreffet. God kommunikasjon og fleksibilitet frå *Maurtuva* blir trekt fram som viktig for at samarbeidet er så bra. Og fleire fortel om kor flinke dei tilsette er til å informere via telefon eller SMS.

«Samarbeidet kunne ikkje ha vore betre» seier ei datter.

Minneboka vert trekt fram som eit svært viktig bindeledd mellom dagtilbodet og brukarar/pårørande. Der får dei pårørande informasjon og eit innblikk i korleis dagen har vore og kva som har skjedd. Såleis kan dei snakke om dagen i ettertid. I minneboka kan dei pårørande også skrive beskjedar til *Maurtuva*. På den måten fungerer den som ein kommunikasjonskanal.

ii. Aktivitetane på Maurtuva er individuelt lagt til rette.

Når dei tilsette har god kunnskap om den einskilde brukaren, kan dei også legge til rette for meningsfulle aktivitetar. Dette blir også framheva frå alle informantane. Ei kone seier: «Kjempebra aktivitetar, kunne ikkje hatt det betre» og ei anna understrekar nettopp dette med aktivitetar som er tilpassa. At dagtilbodet er på ein gard betyr mykje. Vi får høyre om kor kjekt det er å gå i fjøset og hente egg for så å lage eggedosis etterpå, om stell av dyr, eller om å «ha te ved» som karane uttrykkjer det. Den daglege turen er fast innslag og noko mennene set svært stor pris på. Meiningsfulle og trivelege dagar er noko dei pårørande kan sjå ringverknader av når dei kjem heim. «Mor er alltid glad når ho kjem derifrå» seier ei datter og legg til: «*Maurtuva* har gitt mor meistring, her får ho halde på med det ho likar». Denne dama har alltid likt å veve og dette har dei lagt til rette for på *Maurtuva*. Ikkje mindre enn to vevstolar har dei funne plass til. Så er der andre som kan klippe filler og slikt blir det samarbeid og venskap av.

Lesestunder, song og musikk er også faste innslag på TrivselsTreffet. Ei av konene fortel at mannen hadde litt motvilje i starten, og ho følte på at ho svikta litt ved å søke om plass. Men når han kjem heim seier han alltid «Vi har hatt det fint!». Korttidsminnet er heilt borte, så minneboka er veldig viktig. Ved hjelp av den kan dei snakke saman om det som har skjedd og korleis dagen har vore. Ho fortel at han alltid er i godt humør når han kjem heim. Det er også gjennomgangsmelodien frå dei andre informantane. Sjølv om brukarane ikkje kan fortelje kva

dei har vore med på, så merkar dei pårørande at dei er glade. «Tilbodet er supert! Dette handlar om verdigheit» seier ei av konene.

iii. Maten og måltida

Kjøkkenet og måltida er ein viktig del av dagen på Maurtuva. Brukarane får frukost og middag med dessert. Stundene rundt bordet i stova er viktige og maten er i høgsetet. Dette er det fleire av informantane som framhevar, og ei understrekar dette: «Maten er viktig! Og det er kjempegod mat der». Ei anna legg til at dei kosar seg veldig med måltida, og ei anna framhevar kor viktig stunda rundt bordet er. Ikkje berre den gode maten, men også praten og stemninga rundt bordet fører til at matlysta er på topp.

iv. Ramma rundt legg til rette for trivsel og meistring

Den restaurerte trønderlåna, fjøset og tunet er gode rammer for eit dagaktivitetstilbod. I tillegg er det fint terreng rundt som eignar seg godt til turgåing. Hunden «Senta» er godkjent «besøkshund» og fast følgjesven på turane. Som det det går fram av intervjuet er det svært positive tilbakemeldingar på Maurtuva TrivselsTreff. Ein informant seier: «Det betyr så mykje for mannen min å vere der, han trivst godt og vil gjerne vere der kvar dag». Ho tok kontakt for at mannen skulle bli meir aktiv, ikkje fordi ho sjølv trong avlastning. Dette samsvarar med dei andre utsegnene som framhevar at på Maurtuva er tilrettelagt for kvar einskild. «Eit utruleg godt tilbod» seier ei anna kone og ei tredje seier: «Han er lettare til sinns dei dagane han har vore på Maurtuva».

Den gode kontakten mellom TrivselsTreffet på Maurtuva og heimane blir framheva av informantane. «Det at familiane blir involverte er viktig». I intervjuet kjem det fram at for nokre er avlastinga for dei heime årsaka til at dei søkte tilbodet, medan for andre var det behovet for aktivering. Men alle informantane framhevar kor viktig det er at dette er eit tilbod der brukarane trivst. «Når han blir henta er eg trygg og han er trygg», seier ei av konene. Ei datter fortel kor sliten både ho og faren er og understrekar: «Slik avlastning betyr alt for far og meg». Det kjem også fram kor viktig transportordninga med fast sjåfør er.

I tillegg til det gode samarbeidet med Maurtuva, fortel også informantane om ein god dialog med kommunen. «Eg trur Inderøy er ein av dei beste kommunane å bu i dersom ein har ei demensdiagnose», seier ei av konene. Alle fortel om kort ventetid og rask saksbehandling.

Kunnskap om tilbodet har dei fått gjennom demensforeininga, vener, annonse i avisa eller ved å kontakte kommunen.

Når det gjeld forslag til endringar er det eit samstemt ønske om fleire dagar på TrivselsTreffet. Helst fleire dagar per veke. Samstundes kjem det fram at brukarane kombinerer dette tilbodet på Maurtuva med dagtilbodet på Go`kroken. Denne kombinasjonen er dei pårørande tilfredse med.

VÅRE OBSERVASJONAR

Vi var med på to frukostmåltid og to middagsmåltid og forstår godt at brukarane og dei pårørande snakkar om den gode maten på Maurtuva. Her var det førsteklasses råvarer frå nærområdet og heimelaga mat av beste kvalitet. Dei gode luktene frå kjøkkenet bidrog til å stimulerer smakssansen og vi observerte korleis brukarane gledde seg på førehand og kosa seg under måltidet. Vi kunne også observere korleis dei fleste takla å smøre sine eigne brødsiver og vidaresende fat trass i kognitiv svikt. Dei som ikkje hadde så god kontroll var plasserte slik ved bordet at dei hadde ein ved sida si som på ein var og nennsam måte la til rette for meistring. Dette var godt planlagt. Vi fekk også oppleve at eit måltid på Maurtuva er meir enn mat. Praten og minna kjem lettare fram når stemninga er god, og det blir den ofte ved gode måltid. Mange spennande tema vart vi vitne til. Det handla m.a. om gamle vèrteikn, oppskrifter, kunnskap om bær og blomar og det vart spontant deklamert rim og reglar.

Vi fekk også observere kor viktig transporten til og frå TrivselsTreffet var og at sjåføren hadde fleire viktige roller. At han hadde eit eige lag både med folk og fe kom fram i fleire samanhengar. Likeeins fekk vi innblikk i individuell tilrettelegging for aktivitetar innandørs og utandørs.

LEIAR I DEMENSFOREININGA

Leiaren i demensforeininga har svært god innsikt i dette feltet. Ho er hjelpeleiar med vidareutdanning innan demens og har lang erfaring frå å jobbe i eldreomsorga. Vi hadde først eit telefonintervju, deretter eit oppfølgingsintervju under feltarbeidet på besøket i juni. Dette er ei dame med eit brennande engasjement for demens og pårørandeomsorg. Sjølv seier ho at utdanninga skjerpa interessa og gav henne inspirasjon. Ho er oppteken av kompetanse og gir til kjenne at dette er eit felt som ho meiner blir for lite verdsett i kommunen. Demensforeininga vart starta i 2001, og vart høyringsinstans for kommunale saker som vedkom demensomsorga.

Foreininga er pådrivar i saker som er til behandling i politiske organ, t.d. har dei hatt eit ord med i laget ved oppretting av demensteam, stilling for demenskoordinator og utbygging av dagtilbod for personar med demens. Då initiativtakarane til Maurtuva tok kontakt og fortalde om planane støtta ho dei fullt ut. Ho såg at det eksisterande tilbodet i kommunen ikkje passa like godt for alle, og tenkte at det ville vere svært bra med to ulike tilbod på Inderøy. Ideen om å utvide tilbodet til også å gjelde overnatting er også noko ho har vore sterk pådrivar til.

TILBYDAR SINE ERFARINGAR

Dei to som har etablert TrivselsTreffet på Maurtuva deler eit ønske om å skape sin eigen arbeidsplass knytt til helse og natur. Målsetninga deira er ei å skape gode dagar og meistringsopplevingar for brukarane.

ETABLERING AV TILBODET

Starten tok lang tid, allereie i 2009 starta planlegginga som resulterte i etableringa av eit AS som har drive Maurtuva TrivselsTreff sidan 2012. Planen var å tilby TrivselsTreff for åtte personar to-tre gonger i veka. Det dei klarte å etablere var eit tilbod ein gong annakvar veke. Med utviding til PensjonistPensjonatet fekk dei også utvida dagtilbodet til tre dagar per måned. Maurtuva Vekstgård har vore heilt avhengig av ulike former for etableringsstøtte gjennom *Innovasjon Norge* og stor innsats vart lagt ned i etableringsfasen. Men dei har vore medvitne om at arbeidet ikkje skulle vere altoppslukande og at etableringa skulle vere ein jobb som kunne kombinerast med familie og utdanning. Planen er at dagaktivitetstilbodet for personar med demens etterkvart skal kombinerast med eit tilbod dei kallar FamilieFakultetet og som rettar seg mot barnevernet. Til saman skal desse tilboda gi grunnlag for kontinuerleg drift av Maurtuva Vekstgård.

Dei har lagt stor innsats i å pusse opp og legge til rette for å ta i mot brukarar i trønderlåna. Det har vore ein bevisst strategi å ikkje ta i bruk «sitt eige kjøkken». Styremedlemmane i AS'et er valt med tanke på tilføre drifta relevant fagleg kompetanse. Dei har dyr på garden (hest, høner, kaninar, sauer, grisar og ender), men dei har ikkje noko produksjonskrav og er fri til å legge opp drifta etter brukarane sine behov.

På Maurtuva hadde dei frå første stund fokus på å gjere dagaktivitetstilbodet kjent, og starta opp med to opne dagar slik at folk kunne kome og sjå. Dette vart utlyst i lokalavisa.... «alle måtte kome å sjå, og vi fortalde!» fortel dagleg leiar.

Tilbydar har sett det som veldig viktig å få med Heimesjukepleia og folk frå kommunen for at dei skulle få brukarar til å søke plass på TrivselsTreffet. Kommunen hadde erfaring med at det var ganske tungt å få til rekruttering då Go`kroken starta opp i 2010. Denne erfaringa gjorde at Maurtuva, saman med kommunen, såg på rekruttering som ein viktig sak. Tilbydar har hatt kontakt med Fylkesmannen og deira IPT-arbeid og har vore på fleire kurs, mellom anna var dei med på ein studietur til Nederland.

DRIFT OG ORGANISERING

Kommunen betalar ein fast sum per månad uavhengig av kor mange brukarar som er på TrivselsTreffet. Dette dekker eit tilbod kvar 14.dag (no tre gongar i månaden). Tilbod ein gong per veke vart for dyrt for kommunen. Tilbydar fekk spørsmål om å arrangere dagtilbod kvar veke med halve dagar, eller annankvar veke med heile dagar. Heile dagar vart valt framfor halve for å unngå «travle dagar» for brukarane. Tilbakemelding frå pårørande er at dei ønskjer tilbod kvar veke. Tilbydar seier også at dei kjenner til at tre gongar i veka må til dersom ein skal sjå noko effekt av opphalda. Samstundes opplever både dagleg leiar og fagleg leiar at tilbodet dei har på Maurtuva betyr mykje for brukarane og dei pårørande. Maurtuva TrivselsTreff starta prosessen om KSL godkjenning hausten 2013 og har gjennom prosjektperioden venta på sertifisering. Godkjenning frå Matmerk vart gjort 1.10.2015.

FRIVILLIGE

Maurtuva Vekstgård er heilt avhengig av samarbeid med frivillige og dei frivillige hjelparane er avgjerande for at ein kan drive god individuell tilrettelegging. «Dei hevar opplegget to hakk opp», seier dagleg leiar og legg til at dei frivillige bidreg positivt til det gode miljøet og til kjensla av at «vi får til dette på Maurtuva fordi vi er mange som dreg i lag». Tilbydar er også bevisst på å vise dei frivillige at det blir lagt merke til det som skjer på Inderøy. Til dømes at Maurtuva var invitert til konferanse i Ålesund for å fortelje om tilbodet til personar med demens. Dei har tre frivillige som dei kan ringe til ved behov.

SAMARBEID/KOMMUNIKASJON

Dei to eigarane av Maurtuva har jobba målretta med å forankre tilbodet sitt i kommunen ved mellom anna å invitere både politikarar og administrasjon til gards og ved å invitere seg sjølve til å informere i relevante forum. Samarbeidet med den lokale demensforeininga, med frivillige og med NAV er sentralt. Dei har presentert dagaktivitetstilbodet i mange ulike samanhengar som til dømes hos lokale lag og organisasjonar som Saniteten, Lions og Pensjonistforeininga. Tilbydar har også vore profilert nasjonalt gjennom eit par NRK-reportasjar om demensomsorg og har også vore invitert til å halde føredrag på Høgskulen i Nord Trøndelag om sosialt entreprenørskap. Dei har sett kompetanseheving på dagsorden, og har arrangert kurs for tilsette i demensomsorga i kommunen. Tilbydar er opptekne av å vise fram kva dei driv med på TrivselsTreffet, og jobbar bevisst med positiv omdømmebygging: «Kom til gards! Kom og sjå!». Solid fagkompetanse gjer at dei opplever at kommunen ser på dei som likeverdige til kommunen sitt tilbod og at kommunen ikkje tenkjer at dei er ein konkurrent, men at Maurtuva er med å gi ei større breidde i kommunen sitt tilbod. Målet er å representere kvalitet på linje med det kommunen kan tilby, og helst hakket over. På Maurtuva ønskjer dei å bli oppfatta som «Inderøy kommune si forlenga arm».

Ideen om PensjonistPensjonatet vart lansert av demensforeininga. Tilbydar starta med dette tilbodet fordi dei ønska å utvide opphaldet til brukarane. Dei såg at brukarane likte seg på dagaktivitetstilbodet og ofte ønska å vere der lenger. I tillegg fanga dei opp behovet for at pårørande skulle få meir avlastning. Dei ønska å starte eit overnattingstilbod som var attraktivt både for brukarane og pårørande.

Tilbydar har ikkje noko spesielt samarbeid med andre IPT-tilbod. Dei er noko ulik andre IPT-tilbod i og med at dei ikkje held til på eigen gard. Dei er organisert som eit aksjeselskap og leiger tun med trønderlån og fjøs.

OPPFØLGING ANDRE RUNDE FELTARBEID

I løpet av prosjekt-perioden vart TrivselsTreffet utvida til tre tysdagar i månaden (ved årsskiftet 2014/2015). PensjonistPensjonatet gjekk over frå å være eit prosjekt til å kome inn på driftsbudsjettet til kommunen og har avtale ut 2016, med opsjon på forlenging ut 2017.

Maurtuva har no planar om utviding av PensjonistPensjonatet til også å omfatte helg. Dette er eit prosjekt, og dei jobbar med å skaffe finansiering i samarbeid med Demensforeininga.

Pr juni 2015 er det seks brukarar på TrivselsTreffet (to nye og to som har slutta sidan første besøk på Inderøy), og tre brukarar på PP. Dei tilsette på Maurtuva trur at nøkkelen til rekruttering er å få stabilitet og god funksjon i demensteamet og demenskoordinatorrolla. Leiar i demensforeininga seier at behovet heilt klart er til stades, og at det er sjølv rekrutteringa som er vanskeleg. Dersom demensteam /koordinator kan opplyse om og tilby plass på Maurtuva til aktuelle brukarar, så kan Maurtuva sjølv ta direkte kontakt og invitere brukarar og pårørande til å kome på besøk for å gjere seg kjende med tilbodet. I tillegg vert det nemnt at det nok framleis er fordommar blant folk flest. Terskelen for å ta i mot eit tilbod for denne gruppa brukarar er for høg.

Tilbydar opplever at inntaks- og utskrivingskriteria fungerer. Når brukarane ikkje lenger kan gjere seg nytte av tilbodet så vert dei utskrivne og andre tilbod må setjast i verk. Det er viktig at kriterium for inntak er kjende, og i dette arbeidet er demenskoordinator ein sentral person.

Økonomisk får tilbydarane drifta av PensjonistPensjonatet til å løne seg. og dei kan dei ta ut lønn også for nødvendig etter- og forarbeid. Tilbydar arbeider no med å få i gang FamilieFakultetet og har søkt Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet om eit stort prosjekt for å utvikle eit kurstilbod til foreldre. Etter førespurnad har dei også vurdert å starte opp eit privat TrivselsTreff der brukarane betalar for tilbodet sjølv.

KOMMUNEN SINE ERFARINGAR

Vi vil no presentere kommunen sine erfaringar med start og bruk av dagaktivitetstilbodet TrivselsTreffet på Maurtuva. Avsnittet er basert på intervju med tilsette i kommunen (einingsleiar for Bistand og Omsorg, tenesteleiar for Heimetenesta, demenskoordinator og einingsleiar for Næring og Miljø) og med utvalde politikarar (Ordførar, Varaordførar og leiar for Hovedutvalg Folk⁴). I tillegg har vi intervjuet ansvarleg for IPT-arbeid hos Fylkesmannen i Nord Trøndelag.

⁴ Hovedutvalg Folk har ansvar for kommunale oppgåver innan oppvekst, barnehage, grunnskule, helse, omsorg og kultur i kommunen.

ETABLERING AV TILBODET

Målet for kommunen var å tilby eit differensiert tilbod til personar med demens, og tilbodet som etter kvart vart utvikla på Maurtuva kunne tilby noko anna enn det kommunen gjorde frå før gjennom dagaktivitetstilbodet Go'kroken.

Då tilbodet på Maurtuva etter kvart skulle takast i bruk vart tenesteleiar for heimtenesta kopla inn. Kvalitetskriterium vart utarbeidd, og roller og samarbeid vart diskutert. Gjennom dette arbeidet sikra kommunen seg tilbakemelding dersom tiltaket ikkje fungerte slik det var tenkt og dersom brukaren ikkje kunne gjere seg nytte av det. Kva som skulle inngå i tilbodet vart bestemt i dialog med tilbydar; slik som mat, aktivitet og skyss. Kommunen stilte tydelege krav til kva dei ønska skulle inngå i tilbodet. Tilbodet er for heimebuande personar med ein demensdiagnose. Personane må kunne nytte seg av tilbodet. Første etasje i trønderlåna er universelt utforma, noko som gjer at rullestolbrukarar også kan delta på TrivselsTreffet.

Landbruksansvarleg i kommunen har ikkje vore ein aktiv part i etableringsprosessen. All kontakt mellom tilbydar og kommune har vore på den helsefaglege sida. Tilsvarande på fylkesnivå;- kommunen har hatt ein dialog med fylkesmannen på «helsesida» om kvalitet og ansvarsforhold, Spesielt i starten då kriterium for tilbodet vart utarbeidd var denne dialogen viktig. Kommunen har ikkje hatt kontakt med «landbrukssida» hos fylkesmannen i samband med etablering og start av tilbodet på Maurtuva.

FINANSIERING OG REKRUTTERING

Dei tilsette i kommunen formidla at dei opplevde at mange pårørande ikkje vil «sende frå seg» sine. Erfaringar med at det var utfordrande å rekruttere brukarar hadde dei også då Go'kroken vart etablert. Difor var det viktig for kommunen at tilbydar skulle bidra i rekrutteringsarbeidet då avtalen om dagaktivitetstilbodet på Maurtuva vart inngått.

DEMENSOMSORG I KOMMUNEN

Sjølv om både dei tilsette og politikarane i kommunen er klar over det ikkje er hensiktsmessig å ha eit tilbod så sjeldan som tre gongar i månaden til personar med demens, så har dei ikkje hatt økonomi til å utvide tilbodet. I lys av at det enno ikkje har lukkast å fylle opp dei 8 plassane, vert det stilt spørsmål om behovet for å utvide. I kommunen er dei opptekne av at tilbodet må sjåast

i samanheng med Go'kroken. I dette perspektivet har dei no (hausten 2015) eit dagaktivitetstilbod for personar med demens ein og ein halv gong i veka (Go'kroken og TrivselsTreffet). I tillegg har kommunen eit rehabiliteringstilbod til eldre på Hyggestua.

Kommunen samarbeider med Demensforeininga, og foreininga har arrangert pårørandeskule årlege sidan 2010. Også andre organisasjonar (Hjerte-Lunge foreininga, Frivillig Inderøy (frivilligsentralen) og Saniteten) bidreg inn i eldreomsorga på Inderøy kommune på ulikt vis. Kommunen sitt Demensteam var nystarta hausten 2014, og består av 2 hjelpepleiarar frå heimesjukepleia, 2 sjukepleiarar frå sjukeheimen, og ein ergoterapeut. Teamet blir mobilisert etter tilvising frå legen som startar med utredning av diagnose. Når det gjeld demensteam og rolleavklaring i forhold til fastlegar har kommuneoverlegen vore med å utarbeidd dette saman med demenskoordinatoren, men kommunen definerer seg som i startfasen av dette arbeidet. Heimetenesta orienterer om dagaktivitetstilboda både til brukarar og dei pårørande der dei ser at her er det eit behov.

Administrasjonen i kommunen har vore oppteken av å kunne tilby eit differensiert tilbod til personar med demens og samtidig få til eit samspel med næringslivet. «Vi må ha både omsorgsbriller og næringsbriller på» seier einingsleiar og meiner at det offentlege har noko å lære av dei som driv privat både når det gjeld kultur og haldningar. Her vert samspelet Maurtuva har fått til med dei frivillige og med NAV trekt fram som eit god døme. Det kjem også fram at to av suksesskriteria på Maurtuva er at det ligg kompetanse i botnen, og at dei praktiserer personsentrert omsorg. Som døme på dette vert den varme velkomsten brukarane får når dei kjem til gards trekt fram.

POLITISK FORANKRING AV TILBODET

Det har ikkje vore gjort politisk vedtak om at kommunen skal kjøpe dagaktivitetstilbodet for personar med demens, men det blir sagt at «politikarane har ikkje vore bremseklossar for å prøve det ut». Maurtuva er godt kjent og har god støtte blant politikarane. Alle tre har besøkt Maurtuva. To av politikarane vi har intervjuar har helsefagleg bakgrunn (ordførar og varaordførar). Aktørane på Maurtuva har i tillegg invitert seg inn i Hovudutval Folk for å presentere seg og tilbodet dei tilbyr. Politikarane seier at dette er ei: «*kjempebra satsing*» og det

er ingen tvil om at politikarane er stolte over at kommunen har fått til eit slikt tilbod. Det blir sagt at dei ser på ideen om TrivselsTreffet på Maurtuva som «fantastisk».

Politikarane problematiserer ikkje at dette er ei privatisering av omsorgstenester. Tvert om set dei eit stort skilje mellom tilbodet på Maurtuva og andre tilbod assosiert med «store aktørar som utfører omsorgstenester for å tene pengar». Det vert vidare gjort til eit poeng av at bak tilbodet på Maurtuva så ligg det ein ekte idealisme. Ein av politikarane uttalte mellom anna at: «vi brukar gjerne pengar på gode formål» og sikta til innkjøp av tenester frå Maurtuva.

Politikarane deler oppfatninga om at tilbodet dei har på Maurtuva i mykje større grad kan vere individuelt tilpassa enn det kommunen sjølv kan tilby. Men det blir stilt spørsmål om det er for kostnadskrevjande i forhold til avlastningstilbodet som vert drive i kommunalregi. Politikarane ser også Maurtuva som eit gründertiltak og held det fram som positivt at dette tiltaket har starta «nedanfrå» på initiativ frå tilbydarane sjølv. Vi får også forståing for at det er politisk vilje til å finne langsiktig finansiering av tiltaka på Maurtuva Vekstgård.

Det blir nemnt at Maurtuva er god på å marknadsføre seg, og tiltaket har eit positivt omdømme og har vore mykje i media. Aktørane som driv tilbodet vert karakteriserte som idealistiske, engasjerte, seriøse og dyktige. Det kommunale tilbodet når ikkje opp mot dette seier dei sjølve. Ein av politikarane seier at han ville valt dette tilbodet framfor andre tilbod sjølv. Politikarane gjer det til eit poeng at Go`kroken og Maurtuva utfyller kvarander, og at begge trengst. Varaordførar, som har helsefagleg bakgrunn, er klar på at tilbodet bør aukast.

DISKUSJON

Allereie i 2009 starta planlegginga av Maurtuva Vekstgård og i 2011 oppretta dei dei to leiarane eit AS. I januar 2012 starta dei TrivselsTreffet. Visjonen om verdige og anerkjende liv for alle som tek del i tilbodet på garden ligg til grunn for organisering og drift. Vi har vore opptekne av å identifisere suksessfaktorar og flaskehalsar i dei samtalane vi har hatt på dei to feltbesøka i Inderøy kommune.

ORGANISERING OG FINANSIERING

Frå tilbydarane si side har god planlegging og systematisk jobbing over tid har vore viktige suksessfaktorar. Vidare har økonomisk støtte frå *Innovasjon Norge* til tilbydarane vore avgjerande for å lukkast med start av tilbodet. Frå første dag har dei jobba målretta med positiv omdømmebygging og dette har gitt resultat. Aktørane på Maurtuva har lagt opp til at dette skal vere ein jobb dei kan leve av og med over tid. Det har vore viktige poeng at dei mellom anna ikkje måtte nytte «eige kjøken» og at dei også skulle ha overskot og tid til sine eigne familieliv.

Einingsleiar har vore eit avgjerande kontaktpunkt i kommunen og har vore positiv til eit samarbeid med eksterne aktørar. Kommunen har nedfelt tilbod om dagaktivitetar for personar med demens i planverk og budsjett, og slik hadde administrasjonen rom for å kjøpe inn tilbodet innanfor budsjetttrammer utan vidare politisk behandling. Kommunen hadde også ein ambisjon om å vere føregangskommune i demensomsorga noko som kan sjåast som ein av drivkreftene for å få til dette frå kommunen si side. Eit klima for og ønske om å løfte fram lokale gründerar er også verdt å nemne.

Forankringa av TrivselsTreffet har såleis vore på plass frå første dag først og fremst frå fagavdelinga si side. Einingsleiar er oppteken av at dei skal ha eit differensierte tilbod og det har vore viktig å få til eit lagspel mot næringslivet. Han er oppteken av at både omsorgsbrillene og næringsbrillene må vere på plass og held fram det gode samspelet som tilbydar har fått med frivillige og NAV. Einingsleiar legg til at det som er hovudårsaka til at dette har blitt ein suksess er kompetansen i botnen. Det same kom fram i intervjuet med politikarar, pårørande og brukarar og også politikarane har eit sterkt eigarforhold til det som skjer på Maurtuva Vekstgård. Båtevik et.

Al (2012) peikar på politisk forankring som kritisk punkt å sjå næmare på for å forstå korleis ein kommune satsar på slike tilbod.

Demensforeininga har utan tvil vore ein viktig pådrivar. Både i starten, men også i fortsetjinga har foreininga hatt ei viktig rolle som brubyggjar og vore eit viktig bindeledd mellom pårørande, kommune og tilbydarar. I tillegg har også demensforeininga vore svært aktiv når det gjeld tilbod og tilrettelegging for god demensomsorg.

Landbrukseininga i kommunen har ikkje vore kopla inn i etableringa og innkjøp av tilbodet frå Maurtuva. Dette kan sjåast i samanheng med at både kommune og tilbydarane sjølv i liten grad ser tilbodet knytt til landbruksnæringa utover at tilbodet er lokalisert på eit gardstun. Det er den helsefaglege eininga i kommunen og den helsefaglege kompetansen hos tilbydarane som har drive fram etablering av tilbodet. Denne prosessen har ikkje i særleg grad vore forankra i IPT-konseptet. Maurtuva sjølv arbeider aktivt med å bli oppfatta som kommunen si forlengta arm, og har mål om å levere eit fagleg tilbod av minst like god kvalitet som kommunen sjølv. Uavhengig av den noko svake koplinga til Inn på tunet konseptet frå aktørane sjølve, identifiserer vi interessante element i relasjonen mellom kjøpar og tilbydar som vi også finn i IPT litteraturen. Gjerstad (2010) påpeikar at ei viktig utfordring for relasjonen mellom kjøpar og tilbydar er at dei ikkje har same forståing av kva IPT skal vere. På Inderøy er tilbodet utvikla i nær dialog mellom kommunen og tilbydarane med klare krav frå begge partar der dei har ei felles forståing av kva kjernen i tilbodet skal vere. Det ser altså ut til at partane har viktig bestillarkompetanse (jf. Stene 2013). Tilbydarane har dessutan både helsefagleg og landbruksfagleg kompetanse, som ein kan tenkje gjer det lettare å ivareta ulike ønske frå kommunen sin side.

Ein annan viktig suksessfaktor er også at tilbydarane sjølve er pådrivarar og aktivt arbeider både innanfor og utanfor kommunen for å marknadsføre tilbodet sitt og gjere det kjent. Tilbydar ser ut til å ha ei avgjerande forståing av det kommunale «spelet» om knappe midlar som inneber nødvendige prioriteringar. Vi trur at arbeidet tilbydar gjer med synleggjering i dei rette fora er avgjerande for kommunen når dei skal argumentere for sine prioriteringar.

Dei viktigaste flaskehalsane for etablering og drift av IPT- tilbodet identifiserer vi som rekruttering og kommuneøkonomi. På den eine sida har tilbydar og kommune i samarbeid enno ikkje lukkast i å fylle opp plassane på TrivselsTreffet. På den andre sida uttrykkjer dei pårørande til brukarane eit sterkt ønske om at TrivselsTreffet hadde eit større omfang (tilbod fleire dagar i

månaden) noko tilbydar og demensforeining heilt sidan starten har jobba for. Kommunen på si side har ikkje rom på budsjett til å utvide tilbodet, og stiller spørsmål ved behovet når ein ikkje klarar å fylle opp eksisterande plassar som kommunen betalar for. Det var også framme i argumentasjonen at så lenge der ikkje er større etterspørsel, så er det heller ikkje så aktuelt å arbeide meir aktivt for å få utvida budsjettet til innkjøp av slike tenester. Spørsmål ein kan stille er om omfanget er for lite til at det er interessant for enkelte brukarar?

Før start hadde kommunen og tilbydar ei oppfatning om at tilstrøyminga av brukarar kom til å vere god, men at dei i starten nok måtte bruke tid på rekruttering sidan tilbodet var nytt og ukjent. Prognosane syner ein sterk auke i talet på eldre, den største auken i aldersgruppa 67 til 79 år (RO-rapporten 2013). Ein ser gjerne for seg at det er her potensialet for Inn på tunet brukarane er. Sjølv om det er brukt mykje tid på rekruttering, så har dei ikkje klart å fylle opp plassane. Vi fekk høyre forklaringar frå fagfolk og politikarar om at «pårørande ikkje torde sleppe sine eigne». Nokre pårørande gav uttrykk for at dette burde dei klare å handtere sjølve. Etter at demensforeininga var aktivt ute og sette temaet på dagsorden endre haldingane seg litt. Også fastlegane vart brukt som informasjonskanal for tilbodet. Men framleis er rekruttering ein flaskehals.

Ein annan faktor som kan vere med å gjere rekrutteringa til tilbodet vanskeleg er at ein har mangla eit stabilt og fungerande demensteam og demenskoordinator i kommunen. Det har mellom anna vore fleire skifte av Demenskoordinator i kommunen. Vi har også fått inntrykk av at det har vore usikkerheit om plassering og organisering av denne viktige funksjonen. Også her har demensforeininga hatt eit ord med i laget. Stillinga er no organisert som ei rein fagstilling og ikkje delt mellom merkantil og fagleg funksjon som det var ein periode. Team og koordinator er heilt sentrale i rekrutteringsprosessen, sidan desse er inne når demensdiagnose skal utgreiast og hjelpeapparat koplast inn. Kommunen arbeider med å få til ei stabil løysing på desse funksjonane. Når dette fungerer godt, har tilbydar og demensforeining forventningar om at rekruttering ikkje lenger skal vere så vanskeleg.

Politikarane har ikkje vore direkte inne i beslutningsprosessen om å ta tilbodet på Maurtuva i bruk, men omfattande omdøme og informasjonsarbeid frå tilbydar si side gjer at Maurtuva er god kjent og har eit svært positivt omdøme blant politikarane vi har snakka med.

SPESIELL TILRETTELEGGING OG STERKT FOKUS PÅ KOMPETANSE OG SAMHANDLING

Kva er det som ligg til grunn for samstemte positive tilbakemeldingar frå brukarar og pårørande, fagfolk og politikarar, trass i at TrivselsTreffet har tilbod berre tre tysdagar i månaden?

Politikarar brukar ord som «fantastisk», eit tilbod dei sjølve kunne tenkje seg dersom behovet skulle bli aktuelt. Dei pårørande seier at tilbodet er unikt og legg grunnlag for meistring. Det kjem fram at aktiviseringa på TrivselsTreffet var årsak til at ein familie søkte plass og ikkje behovet for avlastning. Brukarane sjølve gir uttrykk for at dette er ein svært god plass å vere, og vi har også observert den gode atmosfæren der. Idealistiske, engasjerte, seriøse og dyktige er karakteristikken tilbydar får av politikarane og dei tilsette utfyller kvarande i dei daglege gjeremåla. Ein som blir framheva både av brukarar, pårørande og tilbydar er den tilsette frå NAV. Den rolla han har klart å fylle som sjåfør og vaktmeister er svært høgt verdsett på Maurtuva og blir trekt fram som veldig positiv.

I tillegg har dei knytt til seg tre frivillige hjelparar som bidreg på ulike måtar. M.a. er der ei som sørger for at vevekunsten kan blomstre og at ein av brukarane kan få drive med det aller kjekkaste ho veit, nemleg å veve matter. Tilbydar har skapt eit tilbod som er fagleg sterkt og som byggjer på personsentrert omsorg (jf. Kitwood 2003). Når dei grunnleggande behova til demensramma blir dekkja kan det føre til at dei opplever eit auka trivselsnivå (Kitwood 2003:90). Ei individuell tilrettelegging tek utgangspunkt i ressursar hos kvar enkelt. Måten dei blir ønska velkomne på om morgonen gjer at brukarane føler seg inkluderte og omslutta av omsorg. Dei ulike gjeremåla er med på å styrke identiteten og sjølvverdet og aktivitetane er lagt opp slik at brukarane opplever meistring. Når så dei pårørande blir informerte om kva som skjer på TrivselsTreffet gjennom minneboka, så kan dei understøtte og følgje opp det som har hendt på dagtilbodet etter at dei kjem heim. Minneboka representerer ei trygghet, og dei tilsette fortel at trass kognitiv svikt og problem med korttidsminne, så er dei veldig opptekne av denne boka. Aktivitetane på Maurtuva varierer med årstid og dagsform, men der er nokre faste postar på programmet som turgåing, handarbeid, lesestund og song og musikk. Desse er med på å skape kontinuitet og meningsfulle dagar.

Vi har vore inne på kor avgjerande det er med høg kompetanse. Dei tilsette På Maurtuva Vekstgård har solid bakgrunn både fagleg og organisatorisk. Kompetansen som dagleg leiari har innan ernæringsfaget er viktig. I *Morgendagens omsorg (St.meld. nr. 29- 2012-2013:83)* blir det trekt fram at mat og måltid er ein viktig del av det sosiale og kulturelle fellesskapet og at dette er

eit område der dei kommunale omsorgstenestene ofte kjem til kort. Måltida er ein viktig del av kvardagen og trivsel rundt måltida er avgjerande for matlysta. Eit næringsrikt kosthald er viktig i alle livsfasar. Eldre har eit lågare energiinntak og energibehov, men behovet for vitaminer og mineraler er det same (Helsedirektoratet 2012: 44). At måltid er meir enn mat er TrivselsTreffet på Maurtuva eit godt eksempel på. Personalet si deltaking og evne til å bruke måltida til meningsfulle aktivitetar og til å skape stemning rundt bordet blir halde fram som eit viktig miljøtiltak (Berg 2012:19). Samhandlinga med dei pårørande og kjennskap til kvar einskild brukar gjer at dei tilsette kan legge til rette for meningsfulle dagar. Kommunikasjonen dei har med heimane via minneboka blir trekt fram som svært verdifull, ei kone seier: «Vi har eit fint samarbeid med Maurtuva. Er så takknemlig for minneboka».

Tankekorset i denne samanhengen er at ikkje fleire søker seg til eit tilbod som får så god omtale. Fleire av informantane er opptekne av dette og ein av politikarane seier rett ut at dersom han skulle få behov for eit slikt tilbod så ville han valt TrivselsTreffet på Maurtuva Vekstgård.

KONKLUSJON

Prosjektet dreiar seg i første rekke om å finne fram til nøkkelfaktorar og flaskehalsar for etablering og drift av dagaktivitetstilbod for personar med demens. Dette har vi gjort ved å studere eit dagaktivitetstilbod på Maurtuva Vekstgård i Inderøy kommune. Erfaringane våre bidrar til å kaste lys over viktige faktorar for etablering og drift av slike tilbod.

Ein viktig suksessfaktor er at tilbodet er utvikla i nær dialog mellom kommune og tilbydar med klare krav frå begge partar om ei felles forståing i botn. Høg fagkompetanse hos tilbydar, godt lagspel med frivillige og samarbeid med NAV er viktige faktorar for at TrivselsTreffet får så positive tilbakemeldingar. Dette gjer at kommunen er stolte av tilbodet på Maurtuva og har tillit til eigarane. Relasjonen mellom kjøpar og tilbydar er fundert på eit fagleg og nært samarbeid og på Maurtuva ønskjer dei å vere kommunen si høgre hand. Det er også ein viktig suksessfaktor at tilbydarane har forståing for kor viktig det er å gjere tilbodet kjent for sentrale beslutningstakarar i kommunen. At to sentrale politikarar også har helsefagleg kompetanse kan tenkjast å vere ein viktig faktor. Vidare er aktiv og omfattande positiv omdømmebygging og eit sterkt fokus på samarbeid (ikkje berre med demensomsorga i kommunen, men også med pårørande og demensforeining) viktig. Tilbodet er etablert i ein kommune der aktivitetar knytt til gard er nært og kjent for dei fleste. Det er også ein viktig suksessfaktor at tilbydar har lagt vekt på å skape ein arbeidsplass med utgangspunkt i eigne interesser, og slik vore i førarsetet for etableringsprosessen. Det hadde vore interessant om framtidige forskingsprosjekt tok tak i dei nemnde suksessfaktorane for å samanlikne erfaringane gjort på Inderøy med andre IPT-dagaktivitetstilbod for personar med demens.

Dei største flaskehalsane for etablering av tilbodet er knytt til kommuneøkonomi og rekruttering av brukarar. Dette kan virke noko paradoksalt med tanke på både dei positive signala frå kommunale aktørar og deltakarar/pårørande. Vi har vore inne på nokre refleksjonar om årsaker til dårleg rekruttering (som til dømes motvilje mot å sende ifrå seg «sine», manglande avklaring av demenskoordinator si rolle osv.). Men dette prosjektet går ikkje nærare inn på desse utfordringane. Framtidige forskingsprosjekt bør ta tak i desse utfordringane, både frå ein demensfagleg ståstad (kvifor det er så vanskeleg å ta imot slike tilbod?), og frå kommunen si side (kva legg kommunen i at dei ikkje har råd?). Problemstillingane er særleg interessante fordi vi

kjenner igjen retorikken frå mange av dei tilbydarane vi var i kontakt med i forsøket på å finne ein ny kommune som samarbeidspart til dette prosjektet. I innleiinga var vi så vidt inne på om dagaktivitetstilbod kan vere med på å utsetje behovet for institusjonsplass. Dette er også viktige spørsmål å ta vidare i nye forskingsprosjekt.

REFERANSAR

- Andreassen, Inga H., & Grimsæth, Gerd. (2007). *Inn på tunet. Opplæring på gård. Evalueringsrapport*. Bergen: Høgskolen i Bergen.
- Berg, Grethe (2012): *Måltider er mer enn mat. Personer med demens i dagaktivitetstilbud*. Tønsberg: Aldring og helse
- Berget B. (2013): *Forskning og kompetanse for Inn på tunet*. Universitet for Miljø og Biovitenskap. Institutt for husdyr- og akvakulturvitenskap, Ås.
- Berget, B., Braastad, B.O. 2008. Kunnskapsstatus og forskningsbehov for Inn på tunet, pp.68.
- Berget B. (2003): *Grønn omsorg med husdyr for mennesker med psykiske lidelser*. Institutt for husdyrfag, Norges landbrukshøgskole, Institutt for medisinske adferdsfag, Universitetet i Oslo.
- Bergland Å., Kirkevoold M (2011): «Hvilke faktorer i de fysiske omgivelsene hemmer og fremmer funksjon, trivsel og velvære hos personer med demens artikkel» Tidskriftet Forskning nr 1, 6:14-25.
- Bjerknes L. T., (2011): *Mellom hjem og institusjon – dagtilbud tilrettelagt for personer med demens, utviklingsprogram om dagtilbud og avlastningsordninger for personer med demens*. Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse.
- Båtevik, F, Dvergsdal G., Aarseth, E., M., (2012): Inn på tunet I kommunal tenesteproduksjon. Når standardiserte tilbud ikke strekk til. Rapport nr 33, Møreforskning AS.
- De Bruin (2009): *Sowing in the autumn seson: exploring benefits of green care farms for dementia patients*. Wageningen: Wageningen University.
- Demensplan 2015 «Den gode dagen» Delplan til Omsorgsplan 2015. Helse- og omsorgsdepartementet.
- Demensplan 2020 «Et mer demensvennlig samfunn» Høringsutkast.
- Egset, A-S (2005): Om å bera bøkene – Dei næraste pårørandesi oppleving av demens i familien og korleis dei meistra kvardagen. Masteroppgåve. Høgskulen i Volda.
- Egset, A-S (2007): «Korleis meistre kvardagen når demens rammar?» I: Ekeland, Tor-Johan og Kåre Heggen (2007): *Meistring og myndiggjering – reform eller retorikk?* 3.utgåve 2010. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Farstad, Maja & Jostein Vik (2009) Green care governance: between market, policy and intersecting social worlds. *Journal of Health Organization and Management*. Vol. 23 No. 5:539-553

- Gjerstad, Kristine (2010). Inn på Tunet. Uavklart møte mellom gårdbruker og kommune. Et kvalitativt studie av Inn på tunet samarbeidet. Rapport 2. Bygdeforsk
- Gjøra, Linda, Arnfinn Eek og Øyvind Kirkevold (2015): *Nasjonal kartlegging av tilbudet til personer med demens 2014. Demensplan 2015*. Aldring og helse. Nasjonal kompetansetjeneste.
- Helse- og omsorgsdepartementet, St.meld. nr. 29- 2012-2013 – Morgendagens omsorg, melding til Stortinget 19. april 2013.
- Knudsen, H og Milford A.B (2015). «Inn på Tunet. Resultater fra en spørreundersøkelse.» Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning. Notat 2015-7:
- Kitwood, T (2003): *En revurdering af demens – personen kommer i første rekke*. København: Munksgaard forlag.
- Kogstad, Hopfenback og Hummellvoll. 2011. *Politiske intensjoner bak satsingen på Grønn omsorg*, Notat, Høgskulen i Hedmark
- Kogstad, Hopfenback og Hummellvoll (2012). *Håndbok for kjøpere av Inn på Tunet tjenester*. Høgskolen i Hedmark
- Kommunal- og regionaldepartementet (2013): *Nye vegar til framtidens velferd. Regjeringa sin strategi for innovasjon i kommunesektoren*.
- Lund, Granerud og Eriksson (2015) "Green Care From the Provider's Perspective: An insecure Position Facing Different Social Worlds". *Sage Open* 2015:1-10
- Malterud, Kirsti (2011): *Kvalitative metoder i medisinsk forskning. En innføring*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Meld.st.nr. 34 (2012-2013). *Folkehelsemeldingen: god helse - felles ansvar*. Oslo: Norge Helse- og omsorgsdepartementet.
- NOU 2011:11. *Innovasjon i omsorg*. Oslo.
- Skårderud, K og B. Sommerfeldt (2013): *Miljøterapi boken*. Oslo: Gyldendal akademisk.
- Stokke, K., Rye, S. K. P. 2007. NILF rapport-2007–8. *Inn på tunet. Nasjonal og regional organisering. Gårdbrukerens økonomi og erfaring*. Norsk institutt for landbruksøkonomisk forskning, Oslo.
http://nilf.no/publikasjoner/Notater/2007/Inn_pa_tunet_Nasjonal_og_regional_organisering_Gardbrukerens_ekonomi_og_erfaring-Innhold
- Strandli E. H. Aa (2007): «Den beste dagen på mange år» - dagtilbud for personer med demens i Grøn Omsorg, Aldring og Helse 2007.
- Sosial- og helsedirektoratet (2005): *Og bedre skal det bli*. IS-1162 Veileder, Oslo

Thagaard, Tove (2013): Systematikk og innlevelse. En innføring i kvalitativ metode. Bergen: Fagbokforlaget

Taranrød, L.B (2011): *Mellom hjem og institusjon. Rapport fra utviklingsprogrammet dagtilbud og avlastningsordninger for personer med demens*. Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse.

Teigen, H., Skjeggedal, H., Skålholt, A., (2010): Kommunesektorens innovasjonsarbeid. ØF-rapport nr. 11/2010.



MØREFORSKING

MØREFORSKING AS
Postboks 5075
NO-6021 Ålesund
TEL +47 70 11 16 00
epost@mfaa.no
www.moreforsk.no
NO 991 436 502

